

Bergens Tidende 3/10 - 87

Hitlers «Europa-hær»

BT BJARTE ALME

Dei ikkje-tyske «frontkjemparane» deltok i avdelingar i Waffen SS, som var den militære greina av naziorganisasjonen SS, og ikkje må forvekslast med den ordinære tyske hæren.

Waffen SS hadde utgangspunkt først og fremst i Hitlers «livregiment», Leibstandarte Adolf Hitler. Den nazistiske hæren hadde ved starten av krigen om lag 18.000 mann, men då krigen slutta utgjorde SS-hæren truleg 900.000 mann, ikkje medrekna fleire hundre tusen som i mellomtida var enten dimitterte eller falne.

Ein svært stor del av SS-hæ-

ren var ikkje-tyskarar. Tyske SS-soldatar kunne vere enten «Reichsdeutsche» — frå sjølve Tyskland — eller «Volksdeutsche» — tyskarar frå andre land, i praksis Aust-Europa.

Ikkje-tyskarane på si side kunne vere både germanske og ikkje-germanske. Dei fleste folkeslag i Europa — og mange utanfor — var på ein eller annan måte representerte i Hitlers «Europa-hær». For dei fleste okkuperte eller samarbeidande land vart det organisert eigne avdelingar: Det fanst til dømes to nederlandske divisjonar, to belgiske (ein flamsk og ein vallonsk), fleire franske, ungarske, baltiske, kvitrussiske og ukrainske divi-

sjonar. Blant dei balkanske divisjonane var ein muslimsk.

Totalt er det rekna med minst 38 SS-divisjonar av ulike typar. Mange hadde namn frå tysk historie eller historia til vedkomande «heimland», som «Hohenstaufen», «Florian Geyer», «Maria Theresia» (ungarsk) og sjølvstilt «Wiking». Andre hadde aktuelle nazinamn som «Hitler-Jugend» og «Horst Wessel». Den siste som vart oppsett heitte «Nibelungen».

Dei fleste SS-avdelingar kjempa på slagmarka ved sida av den ordinære hæren. I Nürnberg etter krigen vart likevel alle SS-deltakarar kollektivt dømde.